



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden
Rasta 4
6630 TINGVOLL

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1215-

20. mars 2018

Bordalselva kraftverk i Molde kommune i Møre og Romsdal - klagesak

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal klagar i brev av 20.1.2017 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt løyve av 20.12.2016 til bygging av Bordalselva kraftverk.

NVE har ikkje funne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev datert 2.6.2017.

1. Bakgrunn

Statskog Energi AS søkte 5.10.2015 om konsesjon til bygging av Bordalselva kraftverk.

Bordalselva kraftverk vil nytte eit fall på 296 m i Bordalselva mellom inntak på kote 303 og kraftstasjon på kote 7. Det er gitt løyve til ei slukeevne på 900 l/s, som svarar til om lag 224 % av middelvassføringa, og installert effekt på 2,2 MW. NVE har fastsett slepp av minstevassføring på 45 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 15 l/s resten av året. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på om lag 6,7 GWh.

Molde kommune er positiv til utbygging av Bordalselva kraftverk. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal** rår ikkje frå utbygging. **Møre og Romsdal fylkeskommune** er positiv til utbygging. Både Fylkesmannen og fylkeskommunen føresett at kunnskapsgrunnlaget for biologisk mangfald er tilstrekkeleg. **Naturvernforbundet i Møre og Romsdal** meiner kartlegginga av biologisk mangfald er mangelfull, og ber om at det blir gjort ei tilleggsundersøking.

2. NVE sitt vedtak

Følgjande er referert frå NVE sitt samandrag i vedtak for Bordalselva kraftverk av 20.12.2016:

"...

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Vegard Hotvedt
Strømsvåg
22 24 62 53

Etter NVEs vurdering foreligger det tilstrekkelig kunnskap om biologisk mangfold innenfor tiltaksområdet til Bordalselva kraftverk. Samlet sett mener NVE at sakens kunnskapsgrunnlag er godt nok utredet, jamfør naturmangfoldloven § 8.

Bordalselva kraftverk vil produsere om lag 6,7 GWh i et gjennomsnittsårlig og ha en utbyggingskostnad som er over gjennomsnittet for omsøkte småkraftverk de siste årene. NVE har imidlertid ikke lagt avgjørende vekt på dette forholdet i konsesjonsvurderingen, da det ligger til søker å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsomheten.

I vedtaket har NVE vektlagt at en utbygging av Bordalselva kraftverk vil være et bidrag til fornybar energiproduksjon med relativt med begrensede miljøeffekter. Ulempene kan etter vårt syn avbøtes i tilstrekkelig grad gjennom slipp av minstevannføring og god oppfølging av anlegget i detaljplanleggingen og byggefasen."

3. Klagen

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal (Naturvernforbundet) har klaga på NVE sitt løyve til bygging av Bordalselva kraftverk.

Følgjande er referert frå Naturvernforbundet sin konklusjon i klagen for Bordalselva kraftverk:
"...

Vi meiner at NVE sitt vedtak ikkje tilfredsstillar krava i naturmangfoldlova for offentlege vedtak. Det gjeld § 7 (Kunnskapsgrunnlaget), § 9 (Føre –var –prinsippet) og § 10 (Økosystemtilnærming og samla belastning).

Saka er mangelfullt vurdert når det gjeld liknande vassdrag og naturtypar i regionen. Manglande oppretting av lokalitet av bekkekløft og bergvegg i nedre del av Bordalselva må vere openbert feil. Når ein samanliknar vurderingane av eit mogleg funn av sprikeskjegg og 33 gonger så mange funn av gubbeskjegg, så ser dette merkeleg ut. Vurderinga av kvar i landskapet den hole ospa står samanlikna med røytraseen ser ut til å vere feil. Når dette er retta opp, vil det ikkje lenger vere ein overvekt av fordelar ved at vassdraget blir brukt til småkraftverk. I denne samanhengen må det også tillegkast vekt at prosjektet er dyrt å bygge ut og at det har lågare evne til å tilføre verdiar til eigar og samfunn. Det skal ikkje så store negative verknader til før utbyggingsfordelane er vegd opp."

4. Departementet sine merknadar

Løyve kan bli gitt om "fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser", jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagar som er naudsynt for å grunngje avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til andre tilhøve som ikkje er tatt opp av klagar.

Prissette verknadar

Departementet meiner den viktigaste samfunnsnytta med Bordalselva kraftverk vil vere produksjonen av fornybar energi. Kraftverket kan produsere om lag 6,7 GWh.

Tiltaket kan ha positive verknadar for lokalt og regionalt næringsliv og sysselsetting under anleggsperioden. Vidare kan utbygginga bidra til inntekter til Statskog Energi AS, grunneigarar og Molde kommune.

Byggekostnadane for Bordalselva kraftverk er av søkar berekna til 35,5 mill. kr (per 2015). Dette gir ein spesifikk utbyggingskostnad på 5,3 kr/kWh. Justert til prisnivå per 2017 vil berekna byggekostnad vere 37,3 mill. kr og spesifikk utbyggingskostnad 5,6 kr/kWh.

Prosjektet si inntektsside, representert ved noverdien av prosjektet, inngår som eit element i departementet si samla vurdering av prosjektet sine fordelar og ulemper. Departementet har gjort ei berekning av noverdien basert på oppgitte investeringskostnadar, typiske driftskostnadar, forventa produksjon og elsertifikatpris, og eit utfallsrom for kraftprisen slik det er modellert av NVE fram mot 2030 (høg/låg/basis). Gitt føresetnadane for investerings- og driftskostnadar gir ikkje kraftverket positiv noverdi når ein legg NVE si basisprisbane til grunn. Kraftverket er med denne prisbana avhengig av eit lågare kostnadsnivå. I eit høgprisscenario syner berekningane positiv noverdi, med unntak for eit høgkostnadsscenario.

Prosjektet har ein relativt høg utbyggingspris. Departementet meiner at prosjekt med eit slikt kostnadsnivå i mindre grad kan bere negative verknadar på naturmangfald og andre interesser. Departementet presiserer at usikkerheita i denne fasen normalt er betydeleg både når det gjeld faktisk produksjon og kostnadar.

Naturmangfald

Føresegnene i naturmangfaldlova § 7 og prinsippa i same lov §§ 8-12 blir lagt til grunn som retningslinjer for vedtak etter vassressurslova. Departementet syner i den samanheng òg til forvaltningsmåla om naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Kunnskapsgrunnlaget departementet bygger si vurdering på, omfattar mellom anna følgjande:

- Søknad av 15.11.2015 med tilhøyrande rapport om konsekvensar for biologisk mangfald m.m.
- NVE sitt bakgrunn for vedtak av 20.12.2016 (KSK-notat 93/2016).
- Søk i aktuelle databasar, som Miljødirektoratets Naturbase.

Tiltaksområdet er synfara og konsekvensvurdert av Sweco på oppdrag frå søkjar. Det blei registrert eit funn av sprikeskjegg, som har status som nær trua (NT) på Rødlista, i den planta granskogen ved planlagt kraftstasjonsområde. Sweco registrerte ikkje nokon naturtypar i influensområdet som kvalifiserer til å bli avgrensa etter DN Håndbok 13.

Naturvernforbundet meiner at naturgrunnlaget i området er oppfatta feil, og at konklusjonane i saka også har blitt feil. Naturvernforbundet har gjort egne vurderingar av området og meiner at det skulle ha vore avgrensa fleire naturtypar i influensområdet (*Bekkekløft og bergvegg (F09)*, *Kystmyr (A08)* og *Store gamle trær (D12)*). Naturvernforbundet har registrert

fleire funn av gubbeskjegg (NT) i influensområdet, og fleire lungeneversamfunn langs vassdraget. Naturvernforbundet meiner at kartlegginga av biologisk mangfald er for dårleg.

NVE vurderer likeeins med Sweco at gjelet i Bordalselva og myrene i tiltaksområdet ikkje er naturtypar som kvalifiserer til å bli avgrensa som naturtypar etter kriteria i DN Håndbok 13. Verknadane for desse områda er likevel tillagt noko vekt. NVE syner til at gjelet si topografiske utforming vil gjere at det blir oppretthalde eit visst fuktig miljø med slepp av minstevassføring, i tillegg vil det vere periodar med overlaup. Når det gjeld områda med myr har NVE i vedtaket sett krav om at inngrepa i desse blir minst mogleg. Området med *Store gamle trær*, ligg i følgje NVE utanfor influensområdet. NVE meiner at rapporten om biologisk mangfald, innkomne fråsegner og sjekk av tilgjengelege databasar, gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for å gjere vedtak.

Departementet sluttar seg til NVE sine vurderingar av området sine naturverdiar og moglege konsekvensar av ei utbygging. Etter departementet si vurdering vil utbyggingane i tråd med NVE sitt vedtak ha avgrensa og akseptable ulemper for naturmangfald.

Departementet finn at tiltaket er godt nok opplyst ved gjennomførte utgreiingar og høyringar til at vedtak kan bli gjort. Departementet syner til at materialet er forventa å gi den kunnskapen som blir kravd om utbreiing av naturtypar og artar og den økologiske tilstanden i området. Også verknadane av utbygginga er godt nok opplyst. Etter departementet si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald og verknadar på naturmangfald. Føre-var-prinsippet blir ikkje tatt i bruk.

Prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning inneber at ein må ha kunnskap òg om andre tiltak og påverknader på økosystemet slik at ein kan identifisere den samla belastninga. Den samla belastninga på naturmangfald, landskap og andre interesser skal vere ein del av konsesjonsvurderinga. Departementet finn at ei utbygging av kraftverket i tråd med NVE sitt vedtak ikkje vil ha ei uakseptabel samla belastning for naturmangfald.

Når det gjeld prinsippet om at tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket fører til, syner departementet til at det i løyvet er sett vilkår om naturforvaltning mv. som sørgjer for at dette er ivareteke.

Departementet har tatt utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering som ut frå ei samla vurdering og avveging av tidlegere, noverande og framtidig bruk gir dei beste samfunnsmessige resultatata.

Andre tilhøve

For ei nærare vurdering av tiltaket sine konsekvensar for landskap mv., syner departementet til NVE sitt bakgrunn for vedtak (KSK-notat 93/2016).

Tilhøvet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep bli gjennomført i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden blir svekka om:

"...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet og*
- *formålet med de nye inngrepene kan ikke med rimelighet oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.*

Etter departementet sitt syn viser vurderingar av tiltaket i lys av prinsippa i naturmangfaldlova at kraftverket har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om tiltak for å redusere verknadane. Føremålet med utbygginga er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet. Kraftverket vil òg gi inntekter til grunneigarar og kraftutbyggar. Departementet finn at fordelane utbygginga gir ikkje kunne vore oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylte med dei avbøtande tiltaka og med dei minstevassføringane som er fastsett.

Oppsummering

Bordalselva kraftverk kan bidra med ein årleg produksjon på om lag 6,7 GWh fornybar energi. Prosjektet har ein relativt høg utbyggingspris, men kan under visse føresetnader gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar og Molde kommune.

Departementet finn at utbygginga av Bordalselva kraftverk i tråd med NVE sitt vedtak, vil ha små ulemper for naturmangfald og andre interesser. Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved tiltaket er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

5. Departementet sitt vedtak

Klagen frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal blir ikkje tatt til følgje. NVE sitt vedtak av 20.12.2016 vert halde ved lag.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Norges vassdrags- og energidirektorat
Statskog Energi AS v/Arild Tokle